

Referat frå styremøte i V.I.L

Tid: torsdag 12.04.2012 kl 19.30-22.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Einar Hoel, Ellisiv Valdal Jarvik, Karianne Vestre Døving, Inge Sunde, Kristi L. Stakkestad, Arvid Frostad, Magne Eivind Glomnes og Yvonne Dale

Forfall: Lars Bjarne Sandnes og Liv Marit Indreeide

Sak 1: Orientering frå gruppene

Fotball v/ Ellisiv V. Jarvik: Programheftet er klart til å sende ut og sparekorta er selde. Grasklipparen er bestilt. Treningane går for fullt på samfunnshuset og på Rådhusmarka.

Det er eit møte om kunstgrasbane den 18. april i Ålesund.

Langrenn v/ Kristi L. Stakkestad: Skisesongen er no ferdig.

Friidrett v/ Magne Eivind Glomnes: Sesongen er snart i gang.

Div v/ Einar Hoel: Har vore på styremøte i Idrettsrådet. Det er Årsmøte i Idrettsrådet om ca to veker. Der kan to personar representere laget. Einar møter også på møte i Møre og Romsdal idrettskrets på Molde den 14. april.

Det har også vore søkt om kulturmidlar frå kommunen.

Hovudkomiteen for Olsok har hatt eitt møte.

Sak 2: Årsmøte 2012

Sakliste

- Godkjenning av sakliste/innkalling
- Velje ordstyrar, skrivar og to til å skrive under
- Behandle årsmeldinga (inkl. gruppene sine) Leiar legg fram
- Idrettslaget sitt rekneskap
- Fastsetjing av medlemskontingent
- Budsjett
- Organisasjonsplan
- Lov for Valldal Idrettslag
- Val

- Arbeidsplan 2012 (kva kan vi få til?)
- Kunstgras (styret legg fram si innstilling som er positiv)
- Hus/rehabilitering av klubbhuset (pris og oversikt)

Sak 3: Aktivitetsdag for menneske med nedsett funksjonsevne

Aktivitetsdagen blir arrangert den 28. april kl 12-16 på Samfunnshuset.

Valldal IL skal vere med å hjelpe til denne dagen. Fire personar må stille opp.

Karianne Vestre Døving kan hjelpe til. Idrettslaget må finne tre personar i tillegg.

Idrettslaget skal også stille med gevinstar til lotteri.

Sak 4: Eventuelt

Sandvolleyball: Sanden har blitt fjerna frå banene ved Muritunet og blitt flytta til Rådhusmarka.

Spørsmålet er: Ønskjer Idrettslaget å ha sandvolleyballbaner på Rådhusmarka?

Vedtak: Styret er positive til det. Idrettslaget må kome med ein formell forespurnad til kommunen. Det er viktig å få eit vedtak for å få disponere arealet.

Det kan vere greitt å ha eit gjerde rundt bana også.

Marknad: Oppgåvene er no fordelt, og det meste er under kontroll.

Mobilretur: Annonse blir sett inn i SN, og flygeblad med innsamlingsdato blir sendt ut.